

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2040

Forord

Samfunnsdelen for 2022-2040 er eit viktig dokument for å sikre visjonær og realistisk retning for kommunen vår. Arbeidet med planen involverer alle lokalpolitikarar, administrasjon, næringslivet, frivilligheita og innbyggjarane i kommunen. Gjennom møte med innbyggjarar, ved innspel på nett og med aktiv deltaking frå frivillige får vi til slutt ein samfunnsplass som vi kan bygge framtida vår på. Takk til alle som bidreg! Det er saman vi får dei beste resultata!

Vi ynskjer at kommuneplanen skal vere ein reiskap for å skape og utvikle eit levande lokalsamfunn i Vanylven, og at kommunen som samfunnsutviklar skal legge til rette for utvikling og auka vekst i folketaket. Det er vakre omgjevnader, naturrikdomar, gode mellommenneskelege relasjoner, utvikling og vekst som gir oss grunn til å smile, og skal vi få det slik i framtida, så må alle bidra.

Kommunen vår skal vere ein god stad å bu, vekse opp og arbeide i. Gode løysingar avheng av godt samspel og brei involvering. Då når vi mål, som gjer oss stolte, og vi blir enda meir entusiastisk innstilte på å bidra vidare med å bygge framtida. Vi skal legge til rette for næringsutvikling i kommunen og i regionen, slik at ungdomane våre kan gjere utdanningsval som gjer det mogleg å kome tilbake til Vanylven for å skape si framtid her. Berekraftig utvikling gjer at vi forvaltar våre ressursar og areal til beste også for komande generasjonar.

Bruk verdiorda våre i kvardagen; samhald, entusiasme, kvalitet, trivsel, openheit, respekt. Om dei får vere styrande, så bygger vi tillit og vi får til betre tenester saman. Den einskilde innbyggjar ER Vanylven kommune.

Kva kan så den einskilde bidra med i kvardagen? Jau, vi kan alle vere patriotar og lokalsmarte. Bruk lokale krefter og tilbod i kommunen. Då skapar vi lokal vekst. Vi gjer mye bra i Vanylven – fortel andre om det, ofte. Framsnakking løfter, nedsnakking svekker. Tankesettet er grunnleggande for vekst, for folkehelse og god livsmeistring for kvar og ein av oss.

Lena Landsverk Sande

Ordførar

Innhald

Forord	2
Innleiing	4
Det kommunale plansystemet	4
Visjon og mål	4
Medverknad	5
Politiske arbeidsmøte.....	5
Utviklingstrekk, utfordringar og moglegheiter.....	6
Satsingsområde 1 - utviklingskraft og berekraft	7
Mål – slik vil vi ha det:	7
Strategiar – slik kjem vi dit:	7
Satsingsområde 2 - folkehelse og livsmeistring	8
Mål – slik vil vi ha det:	8
Strategiar – slik kjem vi dit:	8
Satsingsområde 3 - demokrati og medborgarskap	9
Mål – slik vil vi ha det:	9
Strategiar – slik kjem vi dit:	9
Arealstrategi	11
Kommuneplanen sin handlingsdel	13
Rammer og føringer	13
Nasjonale føringer	13
Regionale føringer	13
Lokale føringer.....	13

Innleiing

Det kommunale plansystemet

Kommuneplanen er det viktigaste overordna styringsdokumentet i kommunen, og viser kva retning Vanylvensamfunnet skal utvikle seg i fram til 2040. Kommuneplanen består av ein samfunnsdel med langsiktig arealstrategi, og ein arealdel med kart som viser korleis areala i kommunen kan nyttast.

Dette dokumentet er kommuneplanens samfunnsdel, og bygger på [vedtatt planstrategi](#).

Samfunnsdelen definerer dei langsiktige hovudmåla for Vanylven kommune, både som samfunn og organisasjon, og kva strategiar vi skal følgje for å nå måla.

Som vedlegg til planen følgjer eit kunnskapsgrunnlag, som ligg til grunn for samfunnsdelen. Kunnskapsgrunnlaget inneheld fakta om kommunen innanfor aktuelle tema, peikar på viktige problemstillingar som Vanylven står overfor, og skal bidra til ei felles forståing for situasjonen i dag og utfordringar i framtida. Eit samandrag av kunnskapsgrunnlaget er gjengitt i dette dokumentet.

Måla i samfunnsdelen gir føringar for arealdelen, og er omtalt i kapittelet Arealstrategiar. Arealdelen av samfunnsdelen blir utarbeidd gjennom ein eigen prosess, og er juridisk bindande

Samfunnsdelen og arealdelen kan supplerast med meir konkrete planar for einskilde tema, eller med arealplanar for geografiske område av kommunen. Realiseringa av dei langsiktige linene i dei overordna planane skal skje gjennom økonomi- og handlingsplanar og gjennom årsbudsjett og verksemndplanar som rullerast kvart år.

Visjon og mål

Vanylven kommune har slik visjon:

Vanylven skal vere blant Norges fremste miljøkommunar i vidaste forstand, med fokus på trivsel, vekst, berekraftig utvikling. Vi skal legge til rette for nytenking og innovasjon i næringslivet, eit bumiljø som skapar trivsel og samhald, kompakte og trygge tettstadar, infrastruktur for eit aktivt kulturliv og friluftsliv, og eit tilfredsstillande og effektiv tenestetilbod.

Arbeidet med samfunnsplanen viser at innhaldet i denne visjonen står seg godt, men det er ønskje om å gjere det meir kortfatta. Dette er ikkje prioritert i denne omgangen, men vil bil tatt fatt i i neste rullering av samfunnsplanen.

Med visjonen for Vanylven som utgangspunkt er det valt tre satsingsområde for samfunnsplanen:

- **Utviklingskraft og berekraft**
- **Folkehelse og livsmeistring**
- **Demokrati og medborgarskap**

FN sine berekraftsmål skal ligge til grunn for samfunns- og arealplanlegginga. Ut frå visjonen og behovet til Vanylven kommune er 6 av berekraftsmåla vurdert som særleg viktige for Vanylven:

Mål nr 3 – God helse og livskvalitet

Mål nr 4 – God utdanning

Mål nr 9 – Industri, innovasjon og infrastruktur

Mål nr 11 – Berekraftige byar og lokalsamfunn

Mål nr 13 – Stoppe klimaendringane

Mål nr 17 – Samarbeid for å nå måla

Medverknad

Kommuneplanprosessen er heimla i plan- og bygningslova, som set minimumskrav til medverknad (Jf. PBL § 11 – 12 til 15). Involvering og forankring i planprosessen skjer gjennom ulike fasar etter kvart som planarbeidet skrid fram.

Det blei gjennomført innleiande møte med alle grendalaga i kommunen i perioden 2017-18, i samband med utarbeiding av planprogrammet for samfunnsdelen. Planprogrammet var på høyring november-desember 2018, og blei fastsett av kommunestyret 08.02.2021, K-sak 07/21. Det har vore halde interne arbeidsmøte med dei ulike sektorane i kommunen i august 2022, og nye grendamøte hausten 2022 og vinteren 2023.

Eit planforslag til samfunnsdelen har vore lagt ut til offentleg ettersyn i perioden 08.03. – 25.04.2022. Dette plandokumentet er ei omarbeidd utgåve etter offentleg ettersyn.

Politiske arbeidsmøte

Det har vore halde politiske arbeidsmøte med kommunestyret våren 2021 og hausten 2022. I det første møtet var samfunnsdelen drøfta på overordna nivå, medan ein i møtet hausten 2022 arbeidde meir detaljert med innspel til samfunnsplanen generelt og til arealstrategi spesielt.

Politikarane i Vanylven er opptekne av gode oppvekstvilkår, helse og arbeidsglede frå vogge til grav og at heile kommunen vert teken i bruk. Vanylven skal ha gode tilbod om fritidsaktivitetar, gode møteplassar både for eldre og unge. Det skal leggast til rette for aktivitet gjennom gang- og sykkelvegar, og ein skal generelt legge til rette for å bruke den fine naturen i kommunen.

Det blei uttrykt frustrasjon over at kommunen ikkje får ta i bruk sine opplagte kvalitetar i strandsona til bustadar og fritidsføremål. Betre dialog om overordna arealbruk med Statsforvaltaren vart etterlyst. Det kom også signal om at landbruk er ei viktig næring som det må setjast større fokus på.

Det er behov for betre kommunikasjon og tillit mellom kommunen og innbyggjarane.

Samfunnsplanen må få fram enkle og klare mål for kva kommune vil prioritere, og det må gjerast tidleg avklaring og dialog med sektormyndigheter.



Fig. 1. Ordsky frå politisk arbeidsmøte gir eit bilete av visjonar for framtidig utvikling i Vanylven

Utviklingstrekk, utfordringar og moglegheiter

Eit tydeleg utviklingstrekk og ei klar utfordring ligg i folketalsnedgang og alderssamansetting av innbyggjarane. Vanylven kommune har hatt jamn nedgang i folketalet over ein lang periode. Dei siste 20 åra har folketalet gått ned med 23%, frå 3899 i 2002 til 3002 i 2022. Prognosane for framtidig folketalsutvikling tilseier at folketalsnedgangen vil halde fram.

Internt i kommunen er biletet meir samansett. Her er det enkelte grunnkretsar som har vekst i folketalet, medan andre har nedgang. Samla sett er det likevel ein tydeleg nedgang, noko som inneber at grunnkretsane med folketalsnedgang har svært kraftig nedgang.

Vanylven har ei befolkning som er ein god del eldre enn landsgjennomsnittet, og andelen eldre vil auke kraftig i åra framover. Også talet på personar med demens vil auke kraftig. Talet på barn og talet på yrkesaktive vil gå ned. Dette gir kapasitetsutfordringar for helse- og omsorgstenestene i kommunen. Innanfor oppvekstsektoren blir det derimot overskot på personell og bygningar, samanlikna med i dag. Behov for tenester i dei ulike sektorane vil dermed bli vesentleg endra, samanlikna med dagens struktur og nivå.

Busettinga i kommunen er spreiddbygd, og berre 16% av innbyggjarane bur i tettstad. Dette vil bidra til å forsterke dei utfordringane kommunen står overfor med omsyn til auken i talet på eldre og nedgangen i talet på yrkesaktive. Når det er lange avstandar mellom kvar brukar i heimetenesta, går meir av arbeidsdagen for dei tilsette med til transport, og det blir mindre tid til omsorg. Spreiddbygde område er dermed langt dyrare å drifta med kommunale tenester enn tettbygde område, og gjer omsorgstenesta ressurskrevjande.

Dette heng tett saman med den økonomiske berekrafta til kommunen.

Det blir nødvendig å endre struktur og fordeling på tenestetilbodet, og det blir nødvendig å få til samskapning, deling på ressursar og involvering av næringsliv og frivillighet. Det blir også behov for sterkare fokus på helseforebyggande tiltak – både for den fysiske og psykiske helsa, i form av mellom anna møteplassar turstiar og universell utforming.



Fig. 2. Vanylven må utvikle seg til samskapingskommune.

Vanylven er ei kommune med store naturkvalitetar. Naturen er ein ressurs både for innbyggjarar og besøkande, noko som gir reiselivsnæringa store moglegheiter. Klimaklimakrise og naturkrise på globalt nivå, og forventa auke i klimarisiko gjer det nødvendig med tiltak for å redusere klimagass-utslepp, redusere tap av naturområde og naturmangfald, og sikre samfunnet mot klimarisiko.

Satsingsområde 1 - utviklingskraft og berekraft

Vanylven scorar lågt på måling av næringsattraktivitet. Vanylven har potensiale til å legge betre til rette for næringslivet generelt og reiselivsnæringa spesielt, som har eit stort potensiale for utvikling. Nye tilbod og attraksjonar, meir variert bustadtilbod og betre infrastruktur kan gjere lokalsamfunna meir attraktive, og auke busettinga. Etablering av Stad skipstunnel gir viktige utviklingsmoglegheiter som må ivaretakast.

Kommunen har høve til førebu seg og planlegge for å møte utviklinga med mange eldre; både stimulere til aktivitet og førebyggande helsetiltak, og gjere det mogleg for omsorgssektoren å jobbe så effektivt som mogleg. Tilrettelegging for bustadområde i gangavstand til daglegvarebutikk og det ein treng i kvarldagen stimulerer til aktivitet, og gjer den enkelte mindre sårbar i situasjonar der ein ikkje kan køyre sjølv. Tilrettelegging for eit demensvenleg samfunn blir også viktig.

Landbruksareala i Vanylven er viktige og må ivaretakast, og det kan stimulerast til større og meir variert lokal produksjon. Det er stor etterspurnad etter småbruk på landsbasis, og ved å gjere ledige småbruk tilgjengelege på marknaden kan kommunen trekke til seg unge i etableringsfasen. Det er viktig å sjå landbruksnæringa i samanheng med anna næringsutviklingsarbeid i kommunen – til dømes reiselivsnæringa, og legge til rette for vekst og utvikling gjennom å stimulere til samarbeid.

Barn og unge skal rustast til å takle dei utfordringar som er i dag, og som kjem i morgen. Det blir viktig å skape gode rammer for læring, utvikling og samhandling, og å involvere barn og unge i utviklingsarbeidet i kommunen.

Mål – slik vil vi ha det:

Vanylven kommune skal vere aktiv og imøtekommande for vekst og utvikling som er miljømessig, sosialt og økonomisk berekraftig.



Strategiar – slik kjem vi dit:

- Utvikle gode lokalsamfunn med attraktivt og variert bustadtilbod og gode vekstvilkår for ny og eksisterande aktivitet innanfor naturen si tolegrense, og med lave klimagassutslepp.
- Utvikle eit tenestetilbod der strukturar og omfang er tilpassa tilgjengelege ressursar, samtidig som kvaliteten på tenestene er god. Det skal særleg arbeidast med å behalde, rekruttere og auke fagkompetanse innanfor tenesteområda.
- Arbeide for sambruk av kompetanse og fellesbruk av ressursar mellom ulike sektorar, næringsliv og frivilligheita, og dra nytte av eldre som ein ressurs.
- Bruke velferdsteknologi i tenestene for å gi innbyggjarane auka livskvalitet og for å auke kommunen sin omsorgskapasitet.
- Legge til rette for bustadar nær omsorgsbasar, med gangavstand til møteplassar og det ein treng i kvarldagen.
- Arbeide for ein godt fungerande bustadmarknad, med tilgang på attraktive bustadar til utleige og sal.
- Legge til rette for eit aldersvenleg og demensvenleg samfunn.

- Aktivere strandsona som ein ressurs for utvikling av kommunen gjennom bruk og vern.
- Vidareutvikle eksisterande næringsområde og legge til rette for utvikling av nye næringsareal, i samarbeid med næringsaktørane.
- Arbeide for god teknisk infrastruktur i heile kommunen; digital, transport og VA.
- Arbeide for betre tilrettelegging for pendling til tilgrensande arbeidsregionar (Ulstein, Ørsta/Volda og Målo).
- Bidra til ei grøn og berekraftig reiselivsnæring.
- Sikre gode rammer for utvikling av landbruksnæringa, gjennom å unngå nedbygging av verdifull dyrka mark og følgje opp driftsavtalar for landbruksareal med driveplikt.
- Forvalte naturareala på land og i sjø på ein føreseieleg og berekraftig måte.
- Vurdere klimarisiko og behovet for klimatilpassing i all planlegging
- La barn og unge vere aktive og utforskande produsentar på ein slik måte at dei er med på å planlegge og gjennomføre innhaldet i dagen, samtidig som dei får øving i sjølvregulering i samhandling med andre.

Satsingsområde 2 - folkehelse og livsmeistring

Forebyggande helsetiltak blir viktig for Vanylven framover, både for den enkelte sin livskvalitet og for å lette presset på helse- og omsorgstenestene. Det er store helsegevinstar i det å gå meir. Dette er eit enkelt og effektivt forebyggande tiltak, både for vår fysiske og psykiske helse. Enkel tilgang på attraktive gangareal og universell utforming er viktig. Med tilrettelegging og opparbeiding av nærturstiar kan delar av befolkninga som er inaktive i dag få betre livskvalitet og mindre uhelse.

Lokalisering av turstiar i område med naturkvalitetar eller i område med ein interessant historie, for eksempel langs strandsona eller i tilknyting til kulturminne og kulturhistorie, gjer dei attraktive for mange grupper, også reiselivsnæringa/turistar.

For å utvikle gode lokalsamfunn må det leggast til rette møteplassar og trivsel for alle aldersgrupper. Ungdata syner god trivsel på skulen i Vanylven, men fleire negative utviklingstrekk som auka mobbing, mange unge vaksne som mottek stønad til livsopphald og auke i ulovlege rusmiddel gjer det nødvendig med sterkare innsats på dette feltet.

Mål – slik vil vi ha det:

Vanylven kommune er ein trygg og inkluderande plass å vekse opp og bu, der alle uavhengig av alder, kjønn, funksjonsnivå og sosial bakgrunn har tilgang på møteplassar og moglegheit til fysisk aktivitet.



Strategiar – slik kjem vi dit:

- Vi skal legge folkehelseperspektivet til grunn i all planlegging.
- Vi skal gi born og unge eit oppveksttilbod der meistring og trivsel er vektlagt, med mål om å utvikle læreryst og eit godt sosialt fellesskapet i læringsmiljøet.

- Vi skal arbeide for å gjere barn og unge i stand til å kunne forstå og å kunne påverke faktorar som har betydning for å meistre eigne liv.
- Vi skal arbeide for ein felles ungdomsskule i kommunen.
- Vi skal bidra til å utjamne levekår og sosiale og helsemessige forskjellar.
- Vi skal arbeide for etablering og vidareføring av arenaer for sosiale aktivitetar som skapar fellesskap og kan førebygge einsemd og isolasjon.
- Vi skal legge til rette for eit godt bustadtilbod for alle livsfasar.
- Vi skal legge til rette for attraktive møteplassar i alle bygdesentra.
- Vi skal arbeide for eit aldersvenleg samfunn der universell utforming er lagt til grunn.
- Vi skal arbeide for eit demensvenleg samfunn, der personar med demens får den hjelpa dei treng, og blir møtt med forståing, respekt og støtte slik at dei i kan delta i aktivitetar og på sosiale arenaer.
- Vi skal aktivt leite etter tiltak som kan stimulere til auka kvardagsaktivitet.
- Vi skal legge til rette for attraktive turstiar og friluftsmoglegheiter, tilrettelagt slik at alle kan bruke dei.
- Vi skal legge til rette for ferdsel i regionale tur- og utfartsområde med skilting, parkering og avfallshandtering.


Satsingsområde 3 - demokrati og medborgarskap

Skal kommunen lykkast med måla sine, er involvering og samarbeid på tvers av bygdelag og organisasjonar heilt avgjerande. Ei «vi-kjensle» må skapast, og innbyggjarar, frivilligheita, næringsliv og tenesteytinga og må mobiliserast i gode prosessar for å samla innsatsen mot eit trygt og framtidsretta samfunn.

Auka samarbeid på tvers av bygdene og nytenking saman med innbyggjarane er nødvendig, og gode rutinar for intern kommunikasjonen må utviklast. Dei ulike sektorane i kommunen må bruke både faglege tilnærming og lovpålagde arbeidsmåtar for å fremje gode tenester gjennom reell medverknad og deltaking.

Mål – slik vil vi ha det:

Vanylven er eit samfunn der innbyggjarane opplever reell medverknad i avgjerdsprosessar, får likeverdig rett på tenester og likeverdige moglegheiter til å bidra i samfunnet.



Strategiar – slik kjem vi dit:

- Vi skal utvikle løysingar i fellesskap.
- Vi skal mobilisere krefter og ressursar i lokalsamfunnet, slik at kommunen kan samskape med privatpersonar, frivillige organisasjonar og næringsliv.
- Vi skal legge til rette for at innbyggjarane kan delta i planlegginga av kommunen og eige lokalmiljø.

- Vi skal nytte aktiv og tidleg involvering for å sikre at løysingar treff behova best mogleg innanfor tilgjengelege ressursar og realistiske rammer, samtidig som avgjerdsgrunnlaget blir kjend og forstått.
- Vi skal utvikle eit større tilbod av sjølvbeteningsløysingar.
- Vi skal samarbeide med brukarorganisasjonane og med frivillig sektor om utvikling av tenestene.
- Brukarane sine behov skal vere i fokus når ein tilbyr tenester. (Kva er viktig for deg) Det skal bli satsa på ein meir heilskapleg tenking, der ein skal jobbe meir på tvers av tenestene.
- Vi skal auke samarbeidet mellom brukar/pasient, pårørande og verje, gjennom brukar-/pårørandesamtalar, felles pårørandemøte, brukarundersøkingar og brukarråd i institusjon.
- Vi skal arbeide for eit samla Vanylven, der dei ulike delane av kommunen samarbeider og utfyller kvarandre.
- Vi skal samarbeide med tilgrensande kommunar og regionar, med mål om effektiv ressursutnytting og utvikling av gode og heilskaplege løysingar på overordna nivå.
- Barn og unge skal få oppleve å bidra og medverke i kvardagen gjennom demokratisk deltaking, uavhengig av kommunikasjonsevner og språklege ferdigheiter. Barn og unge sine synspunkt skal leggast vekt på i samsvar med alder og modning. Barn og unge skal ikkje ha ansvar dei ikkje er rusta til å ta.
- Vi skal gi barn og ungdom kunnskap og ferdigheit til å møte utfordringar i tråd med demokratiske prinsipp. Dei skal forstå dilemma som ligg i det å godta fleirtalet sin rett og mindretalet sin rett. Barn og ungdom skal øve opp evna til å tenke kritisk, lære seg å handtere meiningsbryting og respektere ueinigkeit. Gjennom dette arbeidet skal barn og ungdom lære kvifor demokratiet ikkje kan takast for gitt, og at det må utviklast og vedlikehaldast.

Arealstrategi

Arealstrategien konkretiserer hovedmåla i samfunnsplanen med omsyn til arealbruk, og gir føringar for den langsigtige arealbruken i kommunen og utarbeiding av kommuneplanen sin arealdel.

Byggeområde:

- Fiskå skal utviklast vidare som hovudsenter i kommunen, og Åheim og Sydde skal utviklast vidare som lokalsenter, med utgangspunkt i kvar stad sin eigenart og stadleg identitet.
- Areal til offentleg og privat tenesteyting skal sikrast og utviklast i samsvar med framtidig behov og forventa utvikling, og med lokalisering som bygger opp under effektiv drift.
- Handels- og servicetilbod, privat og offentleg tenestetilbod og tilrettelagte bustadar skal som hovudregel lokaliserast i sentrumskjernen i kommunesenter og lokalsenter. Sentral lokalisering skal legge til rette for korte avstandar og liv og aktivitet i sentrum. Kommuneplanens arealdel skal definere utstrekning av sentrumskjerner.
- Tilstrekkelege areal for utvikling av nye og eksisterande industri- og næringsverksemder skal sikrast. Næringsareal med sjøtilknyting skal ivaretakast for verksemder som har behov for det.
- Areal og rammevilkår for utvikling av reiselivsnæringa skal sikrast. Naturverdiar, friluftsliv og grøn turisme skal prioriterast.
- Møglegheit for spreidd bustad- og fritidsbebyggelse innanfor landbruks-, natur- og frilufts område (LNFR) skal ivaretakast i alle grendene.

Universell utforming:

- Universell utforming skal leggast til grunn i planlegging, nybygging og rehabilitering av bygningar, anlegg og uterom, inkludert gang-, sykkel- og kollektivløysingar. Dette er ein svært viktig del av tilrettelegging av eit aldersvenleg samfunn.

Møteplassar, natur- og rekreasjonsområde:

- Gode møteplassar for opphold, leik og aktivitet skal etablerast i heile kommunen. Det skal gjerast eit kartleggingsarbeid med sikt på å avdekke eksisterande og potensiale for nye møteplassar, innanfor realistiske rammer på kvar stad.
- Det skal leggast til rette for attraktive gangstiar, tilrettelagt slik at alle kan bruke dei. Tilrettelegginga bør omfatte benkar for dei som treng kvileplassar, rekverk ved behov, god lyssetting, avfallsbøtter og eventuelt toalett.
- Det skal leggast til rette for god tilkomst til og tilgang på regionalt viktige utfartsområde og friluftsområde, i form av og trafikksikre løysingar og nødvendig parkering for bilar og syklar. Behov for avfallshandtering og toalett bør vurderast.

Naturmiljø og ressursbruk:

- Verdifulle naturområde og viktige grøne korridorar mellom større naturområde skal ivaretakast og sikrast. Det bør leggast til rette for at det biologisk mangfaldet i naturområda blir utvida, og at uønska artar ikkje spreiar seg.
- Byggjeområde i gjeldande arealplan som ikkje er utbygde og som ikkje lenger er aktuelle, skal vurderast tilbakeført til LNFR.
- Utnytting av allereie utbygde område og gjenbruk/ombygging av eksisterande bygg skal prioriterast, for effektiv ressursutnytting og redusert behov for nedbygging av grøne område.

Strandsone:

- Det skal gjennomførast ei strandsonekartlegging med sikte på å kunne skilje ut kva område som må vernast og kva område som kan tilretteleggast for utbygging og ferdsel. Målet er å kunne nytte delar av strandsona til utbygging og tilrettelegging for ålmenta , og samtidig sikre andre deler av strandsona nødvendig vern.

Landbruksareal:

- Omdisponering av dyrka mark skal vere minst mogleg. I dei tilfelle der det er naudsynt med omdisponering, skal matjord som hovudregel nyttast som ein ressurs for vidare bruk til matproduksjon, på ein berekraftig og landbruksmessig forsvarleg måte.

Kulturminne:

- Viktige kulturminne i kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplanar skal synleggjerast og sikrast.
- Det skal leggast til rette for at kulturminne kan utnyttast som ressurs i samfunnsutviklinga, til dømes gjennom skilting og turstiar knytt til kulturminne og kulturhistorie.

Transport og infrastruktur:

- Attraktive, trygge og samanhengande gang- og sykkelsamband skal sikrast, særleg i sentrumskjernene og i samanheng med skuleveg og kollektivhaldeplassar.
- Viktige snarvegar skal ivaretakast og sikrast mot stenging/nedbygging i arealplanlegginga.
- Det skal leggast til rette for trygge vefsamband med god standard i heile kommunen.
- Moglegheit for ladepunkt ved offentlege bygg og i kommunesenter/lokalsenter skal sikrast.
- Det skal arbeidast for god digital infrastruktur i heile kommunen.

Samfunnssikkerheit og klimatilpassing:

- Utsett bebyggelse og infrastruktur skal sikrast mot flaum, skred, havnivåstigning og andre uønska hendingar. Ny bebyggelse og infrastruktur skal lokalisera slike at dei er tilpassa konsekvensar av klimaendringane og sikra mot uønska hendingar.
- Det må sikrast tilstrekkeleg areal i utbyggingsområda til å sikre trygg bortleing og handtering av overvatn. Eksisterande flaumvegar og flaumdempande naturområde skal i størst mogleg grad takast vare på. Opne, naturbaserte overvassløysingar skal i utgangspunktet prioriterast framfor lukka løysinga.
- Kantvegetasjon til vassdrag og naturlege flaumvegar bør bevarast så langt som mogleg.
- Nedslagsfelt for drikkevasskjelder skal sikrast mot nedbygging eller annan arealbruk som kan innebere fare for forureining.

Kommuneplanen sin handlingsdel

Kommuneplanen sin samfunnsdel viser Vanylven kommune sine prioriteringar og vegval mot 2040. I handlingsdelen til kommuneplanen blir det gjort konkrete prioriteringar knytt til satsingsområda i kommuneplanen. Vanylven kommune har valt å samordne handlingsdelen av kommuneplanen med økonomiplanen. Handlingsdelen til kommuneplanen med tilhøyrande økonomiplan har eit 4-årig perspektiv, men blir rullert kvart år.

Handlingsdel til kommuneplanen blir integrert i økonomiplanen gjennom å:

- Vise ei tydleg kopling til satsingsområde, mål og strategiar i kommuneplanen
- Skildre korleis mål og strategiar blir følgt opp i kommunen og i sektorane
- Definere 4-årige mål og utviklingsretning for kommunen og sektorane
- Synleggjere kopling mellom satsingsområda og økonomiske prioriteringar

Mål og strategiar under kvart satsingsområde i kommuneplanen blir førande arbeidet som blir gjort i kommunen på tvers av sektorar. I samband med årleg rullering av økonomiplan prioriteringane i størst mogleg grad følgje målsettingar og strategiar i kommuneplanen. Kvar sektor skal gjere greie for korleis kommuneplanen sine målsettingar og strategiar er i varetatt i økonomiplanen. Tiltak med økonomisk konsekvens skal gå fram av drifts- og investeringsbudsjett.

Rammer og føringar

Nasjonale føringar

FN sine berekraftsmål

Statlige planrettningsslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning

Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven)

Lov om folkehelsearbeid (folkehelseloven)

Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging

Forskrift om rammer for vannforvaltningen/ vanndirektivet

Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2019-2023

Regionale føringar

Regional planstrategi

Fylkesplan 2021-2024

Regional delplan for klima og energi

Regional delplan for attraktive byar og tettstadar

Regional plan for vassforvaltning for Møre og Romsdal vassregion

Regional delplan for kulturminne

Fylkesstrategi for attraktive byar og tettstadar 2023-2026

Fylkesstrategi for landbruk i Møre og Romsdal 2023-2026

Lokale føringar

Vanylven sin planstrategi for 2020-2023

Kommunale delplanar og fagplanar